



Lund og Laastad Arkitekter AS
Strandgaten 201
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/33 - 19/25791

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
28.08.2019

Førebels svar på søknad om ferdigattest - gbnr 124/26 Kjeilegavlen

Tiltak: Fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 124/26
Tiltakshavar: Sijoni Invest AS
Ansvarleg søkjar: Lund og Laastad Arkitekter AS

Kommunen viser til søknad om ferdigattest for fritidsbustad på gbnr 124/26 journalført mottatt 22.08.2019 og samtale med ansvarleg søkjar om saka i dag.

Vi har gjennomgått søknaden og ser at vilkåra gitt i rammeløyyvet datert 22.02.2019, i forhold til avkøyrslø, vatn og avløp ikkje er oppfylt. Dette gjeld sak 14/6550 der det ikkje ligg føre ferdigattest for omlegging av avkøyrslø, sak 18/1809 der det ikkje ligg føre ferdigmelding for tilknytning til kommunalt vassverk og sak 18/2704 der det ikkje ligg føre ferdigattest for felles avløpsanlegg. I tillegg er ikkje vilkår nr. 4 i endringsløyyvet datert 30.04.2019 om oppdatert situasjonsplan stetta.

Lenke til sakene i kommunen si innsynsløysing: [Utbetring av avkøyrslø](#)
[Tilknytning til kommunalt vassverk](#)
[Felles avløpsanlegg](#)

Kommunen kan ikkje gje ferdigattest for fritidsbustaden før sakene som gjeld avkøyrslø, vatn og avløp er avslutta med ferdigmelding eller ferdigattest etter plan- og bygningslova, og vilkår gitt i endringsløyyvet er stetta. Kommunen vil handsama sakene parallelt. Dersom nødvendig ferdigmelding/ferdigattest for avkøyrslø, vatn og avløp, eller oppdatert situasjonsplan ikkje ligg føre innan 15.10.2019 vil kommunen likevel ta søknaden om ferdigattest for fritidsbustaden til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|-------------------------------|-----------------|------|--------|
| Lund og Laastad Arkitekter AS | Strandgaten 201 | 5004 | BERGEN |
| Sijoni Invest AS | Fabrikkgaten 5 | 5059 | BERGEN |
| Sijoni Invest AS | Fabrikkgaten 5 | 5059 | BERGEN |

Mottakarar:

| | | | |
|-------------------------------|-----------------|------|--------|
| Lund og Laastad Arkitekter AS | Strandgaten 201 | 5004 | BERGEN |
|-------------------------------|-----------------|------|--------|